



Sund Sokneblad

Nr. 3
20. juni 2018
Årg. 87

Konfirmasjon



Mange menneske samlast utanfor Sund kyrkje då ei av dei to konfirmasjonsgudstenestene der var ferdig. Det er like før dei kan dra vidare og feira dagen ein eller annan stad. Dette var søndag 6. mai. Helga etter var det to gudstenester i Kausland kyrkje laurdag 12. mai og ei gudsteneste søndag 13. mai.

sidene 7-10

Innsamlingsaksjon

Torsdag 19. april hadde konfirmantane sin årlege innsamlingsaksjon. Pengane skulle gå til reint drikkevatt i Libera, og heile 39.000 kr kom inn.

side 4

Ord om ord

Annbjerg Barane var gjest på føremiddagstreffet i april. Hennar tema var «Ord om ord».

side 4

Israelsmisjonen

På føremiddagstreffet i mai var det Odd Bjarne Skogestad som var gjest. Han tok føre seg historia til Israelsmisjonen før og no.

side 5

Vårmarknad

Vårmarknaden i Kausland kyrkjelydshus var nok ein gong velluka. 85.000 kr kom inn. Pengane skal gå til trådløst nettverk i Kausland kyrkje.

side 11

Telavåg gravplass

Telavåg Kvinne- og Familielag (Husmorlaget) har nok ein gong gjort sitt til at gravplassen i Telavåg blir litt finare. I fjor spanderte dei nye benkar, i år har dei fått rusta opp vegane inne på gravplassen.

side 13

Pastoralt perspektiv

Lyttande medmenneske

Vi er i den lysaste tida på året. Ferien ventar, og vi håpar og trur at livet har mykje godt å by på. Og når vestlandet (i skrivande stund) ligg bada i sol blir vi styrka i den trua!

Men samstundes må vi berre ta inn over oss at vi lever midt i dødens verden. Uansett kor lys og vakker dagen er, så veit vi at døden, sorga og savnet er ein del av livet. Og dermed oppdagar vi at det å sorgja er eit stykke hardt arbeid. Ja, sorga tappar oss for krefter, og savnet innhentar oss til alle døgnets tider.

Men her kan vi vera til hjelp for kvarandre – sjølv om vi ikkje er ekspertar på området!

Det er vel og bra med ekspert-hjelp, men den som sørgjer treng først og fremst eit medmenneske som lyttar, og som har tid og mot til å lytta meir enn ein gong!

For i sorgarbeidet gjeld følgjande: Vi må ikkje slutta å spørja om korleis det går og korleis det står til, sjølv om det har gått både veker, månader og år. I sorga sitt landskap kan ein ikkje rekna dagar eller timar. Her trengs det medmennesker som lyttar – så lenge det er behov!

Biskop og forfattar Per Arne Dahl skriv i ei av sine bøker om sorg: «Sorgarbeid er muligheten til å gjenta tapsopplevelsen så den kan legge seg på et roligere sted.»

Slik er det! For tapet er ikkje borte sjølv om samfunnet og dagleglivet rundt ein byrjar å normalisera seg. Sorg er som eit sagblad: Opp og ned, opp og ned.

Og noko av det beste vi då kan gje kvarandre, er lyttande øyrer og blikk som viser at vi er disponible og tilgjengelege for det som må seiast og forteljast, om igjen og om igjen.

Gjennom blod, sveitte og tårer kjempar den sørgjande seg vidare, steg for steg, minutt for minutt. Og heldig er den som då slepp å gå åleine på vegstykket som gjenstår.

Kanskje har vi i vår tid profesjonalisert sorga og sorgarbeidet i for stor grad.

Nokre gonger treng vi heilt klart ekspert-hjelp. Men vi må aldri sjå smått på det å vera ein ven, ein nabo, ein kollega som lyttar, og som har tid og mot til å lytta meir enn ein gong!

Først i ettertid blir det klart kor viktig dette er for den som sørgjer. Men vi veit allerede no at «sorgarbeid er muligheten til å gjenta tapsopplevelsen så den kan legge seg på et roligere sted.»

Kjell-Asle Børnes

Velkommen til gudsteneste

24. juni – 5. søndag i treeiningstida – Matt 7,21-29

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Godtfred Haugland. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

01. juli – Aposteldagen – Matt 16,13-20

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Godtfred Haugland. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Fam/Medier

08. juli – 7. søndag i treeiningstida – Luk 19,1-10

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Godtfred Haugland. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kirkens SOS

15. juli – 8. søndag i treeiningstida – Mark 12,37b-44

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/prost Erling Kopperud. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

22. juli – 9. søndag i treeiningstida – Joh 8,2-11

INGA GUDSTENESTE I SUND SOKN.

Ta gjerne turen til nabosoknet!

29. juli – Olsok – Luk 9,23-26

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

05. august – 11. søndag i treeiningstida – Mark 2,23-28

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Fjell-ly

12. august – 12. søndag i treeiningstida – Luk 8,1-3

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet.
Ranselbøn for nye 1. klassingar

19. august – 13. søndag i treeiningstida – Luk 12,41-48

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Evangeliesenteret

26. august – Vingardssøndagen – Luk 17,7-10

TRELLEVIK-bygnaden kl 11:00 Gudsteneste v/prostiprest Michal Møgster. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

02. september – 15. søndag i treeiningstida – Luk 10,38-42

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Diakoniarbeidet

09. september – 16. søndag i treeiningstida – 1 Pet 4,12-19

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes og Dag Reidmar Pettersen. Dåp. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet. *Konfirmantpresentasjon*

16. september – 17. søndag i treeiningstida – Luk 7,11-17

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes og Dag Reidmar Pettersen. Dåp. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet.
Konfirmantpresentasjon
SØNDAGSSKULE

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Kyrkjestyss - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dávøy - tlf. 56 33 94 27



Frå fellessamling i Foldnes kyrkje om etisk refleksjon. Foto: Olav Martin Vik

Samanslåing av dei kyrkjelege fellestråda (2)

Arbeidet med å førebu samanslåing av dei kyrkjelege fellestrådsområda er i godt gjenge. 8 arbeidsgrupper arbeider med å utforme eit grunnlag for framtidig organisering.

Det er inga endring i soknegrensar, men arbeidet som kyrkjestaben gjer heng saman med soknerådet sine prioriteringar. Det er difor viktig at det i samanslåingsprosessen er god samhandling mellom sokneråda og prosjektleiinga.

Det er lagt opp til eit møte med representantar for sokneråda i juni der arbeidsgruppene og prosjektleiinga vil presentere arbeidet. Dei vil også skissere løysingar for framtida med omsyn til organisering og lokalisering. Det vert eitt slikt møte til utpå hausten.

Framtidas økonomi er eit viktig tema, og arbeidet med ein økonomiplan for det nye fellestrådet er i prosess. Ein er avhengig av ein dialog med

kommunal fellesnemnd slik at ein tidleg kan får avklart prosessen for budsjettering og økonomiske rammer. Kyrkja er ein kulturberar og ein viktig samfunnsaktør. Dette er og viktig å løfte fram i kommunesamanslåinga.

Utover i 2018 vil kyrkjestabane i Fjell, Sund og Øygarden arbeide seg meir og meir saman, gjennom gruppearbeid på tvers av fellestrådsgransene, i planlegging av framtida og i felles samlingar. Målet er at det meste skal vere planlagt ferdig innan 1. mai 2019.

Våre tilsette er inne i ein krevjande fase, der ein skal arbeide med daglege gjøremål, arbeide i prosjekt og til tider bruke energi på: Korleis

vert framtida for meg? Det er viktig at kyrkjelydane er klar over dette.

Olav Martin Vik
kyrkjevevjerje og
prosjektleiar

Nokre milepælar i arbeidet med å slå saman fellestråda (overordna)

6. juni 2018

Orienteringsmøte om status for arbeidet. Målgruppa er soknerådsleiarar, nestleiarar i sokneråda, prost og prestar.

1. oktober 2018

Arbeidsgruppene skal oppsummere og legge fram tilrådingane sine om framtida. Det er prosjektleiar som er mottakar av resultatet. Prosjektleiar gir tilrådinga si til kyrkjeleg fellesnemnd.

1. desember 2018

Kyrkjeleg fellesnemnd har gjort vedtak om framtidas organisering.

1. mai 2019

Førebuinga til samanslåinga skal vere ferdig. Alle formalitetar skal vere på plass.

1. september 2019

Organisasjonen i det nye fellestrådet er operativ.

1. desember 2019

Det nye fellestrådet er vald og eit nytt fellestrådsområde er etablert.

Føremiddagstreffa

Til hausten er det klart for fleire føremiddagstreff med interessante gjestar og tema. Som vanleg er det først ein felles lunsj før gjesten får sleppa til med temaet sitt.

Vel møtt til alle som har høve å koma på dette tidspunktet.

29.08 Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Olav Martin Vik

Tema: Nye Øygarden - kva no?

26.09 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Vivian Steinsland

Tema: Johannes Kleppevik - tekstar med humor og alvor

31.10 Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Gunnar Ferstad

Tema: Far min, Olav Ferstad, lærar og kvardagskristen

28.11 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Kjell-Asle Børnes

Tema: Kvar vart det av «herberget»?

Onsdagstreffa

Onsdagstreffa i **Aktivitetssenteret** i Skogsskiftet held fram utover hausten med møte den første onsdagen i månaden **kl. 11.00**.

Onsdag 5. september

Onsdag 3. oktober

Onsdag 7. november

Onsdag 5. desember

Konfirmantane sin innsamlingsaksjon

På torsdag den 19. april var det igjen duka for konfirmantane sin årlege innsamlingsaksjon. Og tradisjonen tru stod konfirmantane og rundt tretti foreldre klare til å gjere ein innsats og gå frå dør til dør med bøsser.

I år slutta vi oss til kyrkjelyden sitt eige misjonsprosjekt, som dreier seg om å skaffe reint drikkevatt i Liberia. Dette arbeidet blir drive av Misjonsalliansen.

I Liberia dør det tusenvis av menneske kvart år av sjukdom knytt til forureina drikkevatt – svært mange av desse er born. Misjonsalliansen nyttar moderne teknologi både til å lokalisere vatn under jorda og å lage gode brønner.

Vêret kunne mest ikkje vore betre og viljen til å hjelpa med å skaffa reint drikkevatt var sterk – ungdomane var ute og samla inn pengar i fleire timar!

Så gav også den fantastiske innsatsen resultat: 39.477 kr vil kunne skaffe fire nye brønner og gje drikkevatt til fleire tusen kringbuande menneske! Godt jobba!

Tusen takk til alle de som ofra tid, krefter og pengar for menneske andre stader i verda som ikkje er like privilegerte som oss.

Dag Reidmar Pettersen



Ruben Forland Rong, Emil Forland, Anne Mari Møller Nøttveit og Emma Louise Tveit Aasen.

Annbjørg Barane med ord om ord



Annbjørg Barane på føremiddagstreffet i april.

- Eg er eit ordmenneske, sa Annbjørg Barane om seg sjølv då ho var gjest på føremiddagstreffet i april og hadde kalla innslaget sitt «Ord om ord». - Eg har mange ord inni meg som eg har høyrte, teke vare på, som eg enno ikkje har sagt.

Men når vi høyrer på andre så veit vi at nokon er taletrengte, vi kan kalla dei skravlebøtter. Andre snakkar på innpust og utpust. Mange bruker mange banneord medan andre er glade i framandord så vi nesten må ha med ordbok for å skjønna kva dei seier.

Ingen av oss hugsar dei første orda våre, men foreldra hugsar dei nok. Så veit vi aldri når vårt siste ord blir sagt. - Eg håpar det blir bra, sa Annbjørg Barane, - at nokon i gravferda kan seia: Det siste ho sa til meg var ...

Det er gjerne slik at vi tek vare på ord fordi dei var så gode, men vi kan òg minnst dei som var hard og vonde.

«Dei mjuke ord til hjarta gjekk, dei kunne gråten stogga», skriv Per Sivle i Den fyrste song. Eit ordtøke seier det slik: «Som eple av gull i skåler av sølv er ord som er tala i rett tid.»

Vi kan bruka ord som byggjer oss opp, men òg ord som riv oss ned. Eit heldig ord kan skapa lys: «Hei. Ha ein fin dag!»

- Gjennom ord kan vi ha samfunn med kvarandre og med Gud, minna Barane oss om. Gjennom ord skapte Gud. Guds ord er til å tru på, ikkje å tvila på.

Dei orda eg har tala til dykk, er ånd, sa Jesus. Og Paulus seier det slik i eit av breva sine: Lat Kristi ord få rikeleg plass mellom dykk. Og så avslutta Annbjørg Barane temaet sitt med ynskjet om at ordet om krossen ikkje må bli borte for oss. Guds ord står fast til evig tid.

Den tidlegare bibelskulelæraren hadde framleis ordet i si makt.

Olai Otterå

Israelsmisjonen før og no

Odd Bjarne Skogestad var gjest på føremiddagstreffet i mai. Han har dei siste 20 åra vore misjonssekretær i Den norske Israelsmisjonen med ansvar for Hordaland fylke.

Han skulle fortelja om israelsmisjonen både før og no. Då måtte han starta lenge før staten Israel vart oppretta i 1948, for vi må heilt attende til 1844 for å finna starten på israelsmisjonen. To år før var Det norske Misjonsselskap starta i Stavanger, og mange av dei same personane meinte at det òg burde vera ein organisasjon for jødane (til jøde først å så til grekar).

Organisasjonen vart kalla «Foreningen av Israels venner». Men kva skulle dei gjera? Dei første 50 åra var det ingen misjonærar sende ut, det gjekk mest i å gje pengebidrag.

Først i 1891 vart det sendt ut ein misjonær til Romania og Ungarn, der det

hadde vore drive ein del arbeid blant jødar. Men i 1947 måtte alle misjonærar forlata Romania, og i 1949 reiste Magne Solheim som den første misjonær frå Noreg til Israel, og han blei i landet i 27 år.

Då staten Israel vart oppretta i 1948 reknar ein med at det var 25 messianske jødar i Israel, dvs. jødar som trur at Jesus er Messias. I dag reknar ein med at omlag 0,3% av jødane trur at Jesus er Messias, dvs. mellom 15 og 20 000.

I dag er Haifa ein viktig by for Israelsmisjonen. Der har dei m.a. ein aldersheim (Ebeneserhjemmet) som dei driv saman med andre. Immanuelkyrkja i Jaffa er ei av få kyrkje i *det* området, som m.a. har glasmåleri av Victor Sparre. I Jerusalem er Israelsmisjonen med på å drive Casparisenteret, eit senter for bibelske og jødiske studiar.

Olai Otterå



Odd Bjarne Skogestad



Varaordfører Nils Kåre Skoge la ned krans på minnestøtta utanfor kyrkja på Kausland.

17. mai i Kausland kyrkje

På 17. mai var det toget frå Glesnes skule som fylte det meste av kyrkja. På rekkje og rad kom barn og vaksne, sette frå seg flagg og fanar utanfor kyrkja, men gjekk sjølv inn. Der var det Kjell-Asle Børnes som tok imot dei etter at han tidlegare på dagen hadde hatt gudsteneste i Sund kyrkje.

Teksten for dagen handla om Jesus som sa at vi skulle gje keisaren det som er hans og Gud det som er hans. Børnes meinte at vi alle hadde noko vi kunne bidra med til staten, t.d. skatt slik at alle kan få vern og tryggleik.

Men han meinte òg at dersom alle

døypte bidrar kan alle få høyra kor mykje Gud elsker oss. Alle har fått noko å bidra med både i kongeriket og i Guds rike.

I gudstenesta fekk vi elles klarinettmusikk av Pavel Girunyan.

Etter gudstenesta samlast alle utanfor kyrkja der varaordføraren la ned krans på minnesmerket som står der over falne i verdskrigen. Deretter fann folket frå Glesnes fram flagg og faner og stilte seg opp på rekkje, og så gjekk 17. mai-toget attende til Glesnes skule.

Olai Otterå



Pavel Girunyan spelte klarinett.



17. mai-toget frå Glesnes skule kjem til Kausland kyrkje.

Kystpilegrimsleia opnar

– ver med på den historiske fest-ferda!

I juni månad skal mellomalderen si seglingslei langs kysten, Kystpilegrimsleia, opnast. Tradisjonsbåten R/S Risør II seglar frå Eigersund i sør til Nidaros i nord. Undervegs blir det markeringar fleire stader.

Riksantikvaren, fylkeskommunar og fire bispedøme har stått saman i arbeidet med leia, som no er godkjend som nasjonal pilegrimsveg og del av dei europeiske kulturvegane. Alle interesserte, kystfolk, kyrkjefolk og alt godtfolk er inviterte til å delta på den store festen langs den vakre Vestlandskysten. Du finn heile seglingsruta på våre nettsider <http://kyrkja.no/bjorgvin>

Det blir egne markeringar fleire stader, m.a. her:

Stavanger 2. juni
 Moster 5. juni
 Halsnøy kloster 6. juni
 Bergen 9. juni
 Kinn/Kinnaspelet 16. juni
 Smøla – 23. juni
 Nidaros – 24. juni
 Selja kloster – 8. juli kl. 11:30
 ...

Kontaktperson: Kulturråd-gjevar i Bjørgvin bispedøme, Ragna Sofie Grung Moe – rm548@kyrkja.no, tel 95277371

Gjestebed treng gjester!

Den som bed inn til gjestebed, har kontroll på det meste. Verten ordnar med mat og drikke, pyntar festbordet og sender ut innbyding.

Men kjem det gjester? Det har ikkje verten full kontroll på. Han må rett og slett venta og sjå...

Gud legg all sin kjærleik og fantasi i å førebu eit overveldande gjestebed for alle folk! Her vert det ikkje spart på noko. Feite rettar og god drikke skal setjast fram (Jes 25,6), ja, det skal rett og slett vera overflod i Guds gjestebed! (Joh 10,10) Og innbydinga er sendt ut: Kom, for alt er gjort ferdig!

Men kjem det gjester? Det har ikkje Gud full kontroll på. Han må rett og slett venta og sjå...

I Luk 14 fortel Jesus oss om dette gjestebedet. Og det går tydeleg fram at verten har gjort seg flid med innbydinga. Ja, han sender til og med tenaren sin ut for å minna

dei bedne om at alt er klart! Men så skjer det: Dei innbedne takkar nei, ein etter ein, for dei har andre ting på første prioritet.

Dei er riktig nok høflege og bed om orsaking for at dei ikkje kan koma. Men kva hjelper det – når dei ikkje

Andakten

kjem? Dei går faktisk glipp av festen og dei feite rettane! Og slike plutselige avslag på innbydinga rett før festen skal ta til – må vera litt av ei fornærming mot verten som har lagt heile sin kjærleik og fantasi ned i førebuinga. Ikkje slik å forstå at Gud ser negativt på det å kjøpa jordstykke og oksar. Og det å gifta seg er ikkje feil, det heller. Men som kjent: Det gode kan bli det bestes fiende! Gode prosjekt kan verta vår snublestein dersom dette stengjer for det viktigste.

Då Jesus fortalde denne

likninga om det store gjestebedet, henvendte han seg der og då til det jødiske folket og deira leiarar. Det var dei som takka nei til han – og dermed også til å koma i Guds store gjestebed. Men i dag er det DU og EG som må svara på innbydinga som Jesus minner oss om! Har innbydinga vi har fått førsteprioritet hos OSS? Er NÅDEN viktig for oss? Ved nattverdbordet lyder innbydinga klårt og tydeleg til oss alle: Kom, for alt er gjort ferdig!

Men kjem det gjester? Det har ikkje Gud full kontroll på. Men han arbeider kontinuerleg med saka og gir seg tydelegvis ikkje før det er fullt rundt festbordet. (Luk 14,23)

GOD SOMMAR!

Kjell-Asle Børnes

Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP
 POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Heine Polden



Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
 Teatergt. 20
 5010 Bergen
 Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
 2.etg på Shellstasjonen
 Sartor, 5353 Straume
 Tlf: 55 21 44 50



Du kan ringja Kirkens SOS heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
 Kirkens SOS teksttelefon for døde, tlf. 55 32 56 97

Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ
 - En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
 Skjenet 4, 5353 Straume
 [samme hus som Ligningskontoret]



Konfirmantane vart plasserte på fremste benk.

Konfirmasjon i Sund kyrkje

Dei 33 konfirmantane i indre Sund vart konfirmerte i to gudstenester søndag 6. mai. Etter innmarsjen vart konfirmantane plasserte på fremste benk, og der var lett for Kjell-Asle Børnes å få kontakt med dei under preika. For naturleg nok snakka han også til konfirmantane i preika si.

Vivian Steinsland hadde med seg eit band, og dei song eit par songar under gudstenesta.

Så var det tid for at kvar konfirmant

måtte knelde ved altarringen og bli bedd for. Samstundes vart det tent eit lys for konfirmanten i lysgloben. Etterpå fekk kvar av dei ein kross hengd om halsen.

Så bar det ut i friluft der konfirmantane stilte seg opp slik at foreldre og andre kunne ta bilete av dei. Det vart òg teke offisielle bilete av dei som vi viser på dei neste sidene.

Olai Otterå



Kvar konfirmant fekk ein kross hengt om halsen.



Vivian Steinsland m/ band.



Det var folksamt utanfor kyrkja etter konfirmasjonsgudstenesta.

Konfirmantane i Sund kyrkje

SUND KYRKJE

Søndag 6. mai kl. 11.00

Adrian Eide-Kjøpstad
Ann-Iren Hatletun Andersen
Christoffer Nilsen Hermansen
Helene Hammersland
Ingeborg Karia Berge
Iselin Birkeland Nilsen
Kenneth Vedå Tollefsen
Maja Bredsten Sangolt
Mathias Nesse
Mia Helen Nipen Lauvik
Monika Yndestad Thon
Odin Ellertsen
Phillip Drange Revheim
Rasmus-Andrè Sangolt
Rikard Mikal Fredly Viksøy
Sandra Sleire Vedå
Teodor Stikholmen



FOTO: FOTOGRAF LENE FOSSDAL

SUND KYRKJE

Søndag 6. mai kl. 13.00

Daniel Slettebakken-Stensrud
Emil Forland
Emma Sofie Espeseth
Frida Marie Forland
Isak Alvar Nilsson
Kasper Morlandstø Magnus-
sen
Lars André Vabø
Malin Kvam Andresen
Maria Pedersen Lokøy
Martin Forland Telle
Morgan Aursøy
Ruben Forland Rong
Silje Grostad Vilhelmsen
Tobias Hammersland Klep-
pevik
Vegard Kausland
William Menes Førde



FOTO: FOTOGRAF LENE FOSSDAL

Konfirmantar i Kausland kyrkje



KAUSLAND KYRKJE
Laurdag 12. mai kl. 11.00

Anne Mari Møller Nøttveit
Emanuel Kalunga
Erik Kristian Finsås
Helene Hagen
Julie Menes
Malin Baardsen
Malin Erichsen Solheim
Markus Eriksen Kallestad
Peder Samuelsen Lokøy
Sara Haugsøen
Sindre Gjertsen Unneland
Thea Sylte Glesnes
William Svellinge

FOTO: FOTOGRAF LENE FOSSDAL

KAUSLAND KYRKJE
Laurdag 12. mai kl. 13.00

Andrine Skjervheim
Cathrine Sagstad Aspevik
Elida Øvretveit Berge
Francisca Maria Trellevik
Hedda Fredheim Kleppe
Hedda Kausland
Jonas Langsrud Asphaug
Michelle Harkestad
Oda Kalgraff Aasheim
Pia Søvik Glesnes
Regine Glesnes Nesse
Thomas Iversen-Skoge



FOTO: FOTOGRAF LENE FOSSDAL

Konfirmantar i Kausland kyrkje



KAUSLAND KYRKJE
Søndag 13. mai kl. 11.00

Caroline Kallestad
Håkonsund
David Liland Kallestad
Emma Louise Tveit Aasen
Endre Horgen Toft
Fredrik Hellesø Baardsen
Henrik Espeseth
Magnus Eide Bildøy
Maria Gabriela Fjellanger
Vardøy
Mathias Hagenes
Nichlas Kausland
Sara Selstø
Silje Nesse
Stine Eidesund Rebnord
Tage Alexander Evensen
Møgster
Tobias Kristiansen Risholm

FOTO: FOTOGRAF LENE FOSSDAL

Helsing til konfirmantane

Kjære, kjære konfirmantar.
Gratulerer med dagen!

Først vil eg gjerne takke for året som ligg bak oss og seie at de har vore ein utruleg positiv og fin gjeng! Det har vore så kjekt å vere saman med dykk og så håpar eg de òg har syntest at konfirmantåret har vore meningsfullt.

Vi har naturlegvis snakka mykje om Gud, og viss det er éin ting eg vil at de skal hugse på frå undervisninga, er det noko som gjennomsyrrer heile bodskapen i Bibelen:

Gud er ikkje først og fremst opptatt av at du skal ta deg saman og vere god og snill og oppføre deg fint. -Det er vel og bra, det. Men Gud er først og fremst opptatt av å bli ein del av livet ditt.

Han bøyer seg nemleg ned til oss for å nå oss der vi er i livet vårt – ikkje der vi kanskje burde vore, men altså der vi faktisk er. Og så vil Han møte oss der – personleg – og styrke oss, gjere oss trygge og løfte oss opp. Og så har han ein plan for ditt og mitt liv som er god!

De har fått så mykje fint frå Gud allereie – det har eg lagt merke til – evner og anlegg, kreativitet, god humor, mykje omsorg, for å nemne noko. Dette får de ikkje halde for dykk sjølv – ikkje tale om! Nei, det må fram! For alt dette gode er Guds gåver som de har fått for at de skal fremja det gode og hindra det vonde. Det høyrer liksom så lett ut når vi seier det slikt – fremje det gode og hindre det vonde. Men det er ikkje lett, det er vanskeleg! Men så vil altså Gud hjelpa oss med det

når vi vender oss til Han.

Til slutt vil eg invitere deg og oppmode deg til å vere med oss vidare. Dørene til kyrkja står alltid opne til gudstenester, andre samlingar og ungdomsmøter – bli med då vel!

Her er du velkomen. Her er det rom for deg. I dette fellesskapet treng vi kvarandre!

Kos dykk på denne festdagen, kjære konfirmantar, med familie og vener!

Og lukke til på vegen vidare.

Alt godt,

Dag Reidmar Pettersen
Trusopplærer, Sund sokn

Myldredag

- for heile familien,
besteforeldre også.

Klokka 17.00-19.00

Middag – bibelfortelling – aktivitetar – fellesskap

Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje!

4. september
2. oktober,
6. november
4. desember

Kyrkjelydshuset på Kausland

12. september
17. oktober
14. november

Ta med familien og kom, eller kom åleine.

Vårmarknaden gav 85.000 kr

Vårmarknaden i Kausland kyrkjelydshus vart skipa til laurdag 21. april. Også i år hadde mange funne vegen til vårmarknaden der dei kunne kjøpa graut eller kaker i kaféen, eller kjøpa diverse bakarvarer ved eit av borda. To utselde åresal var det òg i tillegg til utlodning på alle bøkene som var selde. Men det var rikeleg med gevinstar, men med ein som heldt opp tingen, ein som trekte nummer og ein som las opp gjekk det radigt unna. Dei 85.000 kr som kom inn skal gå til trådlaut nettverk i Kausland kyrkje, og kyrkjeverje Olav Martin Vik var og orienterte om dette.

Olai Otterå



Mange sikra seg nokre av bakarvarene som var til sals.



Å trekkja ut vinnarar på to åresal og alle dei selde loddbøkene var godt organisert og gjekk fint unna, sjølv om det var mange gevinstar.



Det var mange gevinstar på denne vårmarknaden.

Vil du vere konfirmant i Sund 2018/19?

Kyrkjelyden har no sendt ut invitasjonar i posten til medlemmane våre om å vere konfirmant til hausten! Men alle 14-åringane i Sund er hjerteleg velkomne som konfirmantar i kyrkja – om du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig.

Registrer deg på nettet:

www.kyrkja.no/sund

Velkomen!

Bjørgvin bispedøme 950 år

Sundag 8. juli feirar Bjørgvin bispedøme 950 år med ei festgudsteneste på Selja kloster. H.M. Dronning Sonja vil vera til stades.

Festgudstenesta, «Seljumannamessa», tek til kl. 11.30 og blir leia av biskop Halvor Nordhaug som også vil preika. Andre medverkande er blant andre biskop i Nidaros Herborg Finnset, biskop Bernt Eidsvig i Den katolske kyrkja og songarar frå Bergen domkor saman med eit prosjektkor frå heile bispedømet.

Frå Selja til Bjørgvin

Omlag 1068 e. Kr. oppretta Olav Kyrre eit vestnorsk bispedøme med bispete på

øya Selja i Selje kommune. Dei heilage frå Selja var så viktige for den unge kyrkja i Noreg at Selja blei eit tidleg kraftsentrum i norsk kyrkjehistorie.

Bjørgvin bispedøme dekkjer i dag heile Hordaland og Sogn og Fjordane med 182 sokn i 59 kommunar. Kyrkja i Bjørgvin samlar også i vår tid menneske i alle bygder og byar i glede og sorg, i helg og kvardag for å møta kvarandre og æra Den treeinige Gud.

Kongeleg besøk

I 1968 besøkte dåverande Kong Olav og Kronprins Harald med Sonja Haraldsen øya Selja i samband med 900 års-jubileet

for Bjørgvin bispedøme. Dette var eit av dei fyrste offisielle programma for det ny-forlova paret kronprins Harald og Sonja. I år vil H. M Dronning Sonja vitje Selja att i samband med 950 års-jubiléet.

Fyrste båt frå Selje til øya Selja startar kl. 09.30. Siste båt går kl. 10.30 frå Selje sentrum. Ver tidleg ute.

For meir informasjon om båtavgang, overnatting, kulturarrangement og billetter, sjå: <http://kyrkja.no/bjorgvin>

Nettside

Den norske kyrkja i Sund

Me har bygd opp ei nettside for kyrkje-lydane i Sund. Kyrkjevevja har det redaksjonelle ansvaret. På nettsida finn du informasjon om verksemda og ein kalender som viser aktivitetar.

www.kyrkja.no/sund

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND APOTEK
Tlf. 56 33 88 80

SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13



Tlf. 56 31 77 34



Tlf. 56 33 70 70

**BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
FARGEHANDEL - FRISØR - BOKHANDEL - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO**

Et det med
Blomster

**Sund Senter
Blomster**

Tlf. 56 33 90 13

Via **INTERFLORA**
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønska.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01

Nye vegar på Telavåg gravplass



Oddbjørn Liland (t.v.) og Ole Telle i Vest Hageservice stod for arbeidet.

I midten av april var Ole Telle og Oddbjørn Liland i Vest Hageservice på Telavåg gravplass og laga ny og betre veg frå den eine enden av gravplassen til den andre, og også på tvers er det laga ny veg. Det som var av gammel veg vart gravd opp, svart duk vart lagt under, og oppå vart det lagt grus. På eit par dagar var arbeidet gjort, og no er det fint å gå på dei nye vegane. I tillegg er det òg kome blomsterkassar ved

inngangen til gravplassen.

Det er Telavåg Kvinne- og familielag (eller Husmorlaget som dei framleis likar å kalla seg) som har teke initiativet til arbeidet og teke på seg kostnadane gjennom basarar dei har hatt. I fjor kosta dei òg nye benkar til gravplassen.

Olai Otterå



Kristi Himmelfartsdag på Telavåg bedehus

Også i år vart gudstenesta på Kristi Himmelfartsdag lagt til Telavåg bedehus. Det var Godtfred Haugland som hadde teke turen for å ha gudstenesta.

Gudstenesta hadde alt ei gudsteneste plar ha, jamvel nattverd vart delt ut. Den store flokken hadde nok ikkje kome til Telavåg denne dagen, men ein del

var det likevel, både frå Telavåg og frå andre stader.

Presten hadde rekna med at det ikkje skulle vera kyrkjekaffi, men så blei det det likevel. Det hadde Bente Aase sørga for, og dermed kunne ein drøsa litt rundt bordet etterpå.

Olai Otterå



Bente Aase hadde sørga for at det vart kyrkjekaffi på bedehuset òg.



Godtfred Haugland hadde gudstenesta på Telavåg bedehus.

Gjevartenesta i Sund kyrkjelyd:

Barne- og ungdomsarbeidet:

Kto.nr.: 3628.50.65156

Kyrkjelydsarbeidet:

Kto.nr.: 3470.44.67003

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:

klokkaroppgåver,
kyrkjevertoppgåver eller
kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
477 07 698 eller på e-post:
hildegunn.bornes@sund.kommune.no

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag
kl 09.00 – 15.00: **922 18 817**

Ein kan også kontakte Sund kyrkje-
kontor: **56 31 90 80**

Ekspedisjonstid på kyrkjekontoret i sommar

Kyrkjekontoret i Sund har stengt i veke 31, 32 og 33. Sentralbordet er ope i denne perioden innanfor ordinær ekspedisjonstid:

**Tysdag og fredag 9-14
og onsdag 11-14**

Olav Martin Vik
Kyrkjeverje

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse
Kvile 17A
5379 Steinsland
Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR




KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE



**Sund
Bok**



Din lokale bokhandel

- Nær og nyttig -

Velkommen du òg!

SUND SENTER, 5382 SKOGSVÅG
TLF 56 31 77 34 - FAKS 56 33 95 87

Døpte

25.03 Kausland kyrkje
Aksel Sangolt Dybvik

02.04 Kausland kyrkje
Johannes Iversen Eide

08.04 Sund kyrkje
Jenny Areffjord Drønen

22.04 Sund kyrkje
Sofie Kleppevik

25.04 Kausland kyrkje
Emanuel Kalunga

29.04 Kausland kyrkje
Åsa Henden Nordstrand

03.06 Kausland kyrkje
Emilie Hay Liland
Ludvik Midttveit Hjørnevik
Alexander Telle Galgerud

17.06 Kausland kyrkje
Falk Olai Vågen

Vigde

26.05 Kausland kyrkje
Kristin Lohne og
Ørjan Myklebust

Gravlagde

17.04 Kausland kyrkje
Halvor Asbjørn Steinsland,
f. 1946

20.04 Kausland kyrkje
Nils Kristoffer Kallestad,
f. 1929

27.04 Sund kyrkje
Daniel Aleksander Tvedt
Wisnes, f. 1990 (bisetjing)

07.06 Kausland kyrkje
Jona Olga Telle, f. 1931

08.06 Kausland kyrkje
Karen-Margrethe Nilsen,
f. 1941

Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Kyrkjekontoret får melding om fødselen for alle nyfødde born i Sund, dersom foreldra er medlemmer i kyrkjelyden vår. Då vert det sendt ei helsing til heimen frå kyrkjekontoret med orientering om dåp. Så kan foreldra ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Øg unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døpte vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjekontoret i Sund

Kontor og sentralbord ope:

Tysdag og fredag kl. 09.00 - 14.00

Onsdag kl. 11.00 - 14.00

Telefon sentralbord:

56 31 90 80

E-post: kyrkjekontoret@sund.kommune.no

Nettside: www.kyrkja.no/sund

Besøksadresse: Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje
Kyrkjevegen 30, 5378 Klokkekarvik

Postadresse: Sund Sokneråd
Kyrkjevegen 30
5378 Klokkekarvik

Administrasjon

Olav Martin Vik 93 26 44 00
kyrkjevevjerje

E-post: ov769@kyrkja.no

Tove Olene Foss Solvang 56 31 90 80
kontorleiar

E-post: tove.solvang@sund.kommune.no

Soknepresten

Kjell-Asle Børnes 48 00 26 97
sokneprest

E-post: kjell.asle.bornes@sund.kommune.no

Stab

Irina Tarasova 47 45 06 06
kantor

E-post: irina_piano_84@mail.ru

Hildegunn Børnes Myklebust 47 70 76 98
diakonimedarbeidar

E-post: hildegunn.bornes@sund.kommune.no

Dag Reidmar Pettersen 47 70 79 52
trusopplærar

E-post: dag.pettersen@sund.kommune.no

Gunnar Langeland 47 71 66 93
kyrkjegardsarbeidar

Rolf Oksnes 90 36 75 47
kyrkjegardsarbeidar

E-post: rolfoksnes@hotmail.com

Sokneråd/fellesråd

Brynhild Enerhaug 90 08 00 96
soknerådsleiar

E-post: brynhild.enerhaug@bkkfiber.no

Sund
Sokneblad

Utgevar: Sund Sokneråd

Adresse: Kyrkjevegen 30,
5378 Klokkekarvik

Konto: 3000.15.98194

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå 928 93 057

E-post:

sund.sokneblad@bkkfiber.no

Trykk:

Bodoni AS, Straume



Opplag: 2.950



Jarle Waldemar saman med Stjernekorret/Betweenskorret.

Lovsongskveld med Jarle Waldemar

Lovsongskvelden 29. april vart ikkje heilt slik som lovsongskveldane har vore tidlegare, for denne kvelden var Jarle Waldemar på besøk, og dermed vart mykje av kvelden ein konsert med han.

Til mange av songane han framførte var Stjernekorret/Betweenskorret med som bakgrunnskor. Musikk hadde han med seg «på boks». Her var musikk med fart i, og han hadde songar som kravde rørsle til. Innpakninga var nok litt annan enn det ein er van med i kyrkja.

Jarle Waldemar tok ein pause midt i og heldt ein andakt. Her viste han bilete på veggen og fortalte ein del av bibelhistorien, om Moses og plagene dei vart utsette for og om ferda gjennom Raudehavet.

Jarle Waldemar kjem frå Oslo, er gift og

har tre barn. Dei siste 15 åra har han vore mykje ute og reist og opptrekk på ulike møte rundt omkring i landet. Han har òg gjeve ut 9 CDar, laga 25 videopakkar og skrive ei rekkje bøker. Ein del av dette selde han etter lovsongskvelden.

Olai Otterå



Jarle Waldemar selde bøkene sine etter lovsongskvelden.

Likar du å synge?? Vil du bli med i kor?

Vi har to kor som øver i Sund kyrkje annankvar tysdag.

Stjernekorret

er for deg som er mellom 4 og 9 år.
Vi møtest klokka 17.30 - 18.30.

Betweenskorret

er for deg som går i 4. klasse og oppover. Vi øver frå 18.30 til 19.30.

Begge kora øver:

28. august,
12. og 26. september,
16. og 30. oktober,
13. og 27. november

Betweens-klubben

– er frå 4. klasse og oppover:

Vi møtest

21. august,
18. september,
23. oktober og
20. november

i Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje,
frå klokka 17.30 til 19.30.

• Vi leikar, har ulike aktivitetar, lærer frå Bibelen, et kvelds saman.

• Du og venene dine er velkommen til å bli med!

Lovsongskveldar

i Sund kyrkje

23. september klokka 18.00

26. oktober klokka 19.00

Alle er hjarteleg velkomne

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem i veke 38

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 5. september